



Jan Rune Hosøy
Heltveitvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8440 - 21/74026

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
05.11.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 10/16 Rødland

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 10/16
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.09.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må leggjast ved situasjonskart som syner nye grenser for arealet som vert søkt arealoverført. Du kan teikna inn på vedlagte kart.
2. Søknad om arealoverføring må nabovarslas. Eigar av gbnr 10/60 og 10/69 må varslast. Kvittering for motteke nabovarsel og gjenpart av nabovarsel må sendast inn. Nabovarsling kan gjerast på e-post. Det må då leggjast ved e-post frå mottakar der denne stadfestar at varselet er motteke og om ein eventuelt har merknader til søknaden. Meir informasjon om nabovarsling finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#)
3. Overføring av areal regulert til felles kaiareal og nausteformål til gbnr 10/60 krev dispensasjon frå reguleringsformålet i planen. Kaien skal vera felles for BUN1-4, BFK1 og BFF1. Alle som har eigarinteresser i desse områda må varslast om at det vert søkt om dispensasjon for overføring av arealet. Dispensasjonssøknad skal også nabovarslas. Meir informasjon om dispensasjon finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte informasjonsskriv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

10-16-Grunnkart

Mottakarar:

Jan Rune Hosøy

Heltveitvegen 9

5993

OSTEREIDET